



Solheim, Anders

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/269 - 15/14734

Saksbehandlar:

Harald Stanghelle

harald.stanghelle@radoy.kommune.no

Dato:

11.12.2015

Status utbygging

Viser til ditt brev datert 11.12.2015.

I spørjetimen i kommunestyret 10/12-15 vart det gjeve slik svar på spørsmål om fiberutbygging.

Austrheim og Radøy kommune har til saman fått 8 mill NOK til vidare utbygging av breiband (3/8 og 5/8). Dette er anleggstilskot som kommunane skal tilby i eit anbod til utbyggjarar. Saman med tilskot frå innbyggjarar, som teiknar seg for abonnement, og utbyggjar si satsing, vert dette bestemmende for utbygging. Dette er ei kommersiell utbygging og anbodet vert lyst ut etter prinsippet «kven kan gje mest breiband for anleggstilskotet» og gje eit tilbod om grunnleggjande breiband til husstandar som manglar dette i dag.

Kommunane har ikkje investeringsbudsjett på utbygging, dei vidareformidlar tilskotet for å få utbygging i stand.

Per no er anbodet under utarbeiding. Sidan det er Austrheim kommune som var søkjar vert det ein felles anbodsprosess. Etter kvart som det skrid fram og etter val av tilbydar vert det informert meir, også om at det er innbyggjarane si teikning av abonnement som er utslagsgjevande for kvar utbygginga kjem. Difor er ivrige innbyggjarar like viktige vidare som dei var når innsatsen dei synte i høyringa bidrog til at Austrheim kommune og Radøy kommune fekk tilskot frå NKOM.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt koordinator Harald Stanghelle.

Med helsing

Harald Stanghelle
koordinator

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Solheim, Anders